

# DYRENAMN SOM STADNAMN I FITJAR

## Karl Gloppen

Dyrenamn som stadnamn har vore nytta frå uminnelege tider her i Noreg. I Snorre si «Heimskringla» finn me ei mengd med dyrenamn, ofte med ei rar, gammalnorsk skriveform. T.d. vart dyrenamnet hest lite nytta. I staden bruka dei hross (ross) eller russ som namn på dette «viking-husdyret». Denne russ-eller ross- namnelekk fin me i fleire stadnamn, også her på Stord.

Stadnamn som har eit pattedyr, ein fugl eller ein fisk som namnelekk er vel i våre bygder kanskje like vanlege som namn som har treslag eller andre planter til hovudlekk. Her vil me berre undersøkje dyrenamn i denne samanhengen.

Når det gjeld utbreiinga av namn generellt, så er det ein klar regel: Stadnamn, (namn på terrengdetaljar), finn me flest av på heimebøen, nær bustadene, og langs strender, vågar og fiskeplasser. I utmarka, og serleg til fjells, er det grignare mellom namna.

Nær tuna er det -naturleg nok- husdyra som gjev tilfang til dei fleste stadnamn på namnelista. I utmark, fjellmark og ved sjøen er det ville pattedyr og fuglar som dominerer, slik det går fram av lista.

Denne namnelista er ordna alfabetisk, og kan heilt sikkert supplerast med eit stort tal nye namn. Her spørst det berre om «intervju-kapasiteten» Til ganske mange namn knyter det seg soger, segner, eller merkelege kommentarar. Desse namna er merka med ei stjerne \*

I tettbygde strøk, t.d. byggefelt, kan ein sjå at gater og stikkveggar har fått dyrenamn. Det er den kommunale namnenemnda som skal gjera forslag til slik lokal namnsetjing. Ofte kan det koma tips frå oppsitjarane. Dei kan gjera framlegg om svært rare vegnamn, som t.d. «Donald Duck-vegen». På austkanten i Oslo- nær Østmarka- er heile gnagarfamilien representert: Ekorneveien, Harestien og Beverveien. Slike nylaga namn blir ikkje tekne med på denne namnelista.



Mange stadsnamn på Storøya stammar frå det gamle ordet for hjort. Dyr dalen og Dyrsmoget er døme på slike stadar. Foto: Magnus Johan Steinsvåg.

## DYRENAMN SOM STADNAMN I FITJAR

### ALFABETISK INDEKS OG LOKALITET

#### A.

Arhaugen - Vestbøstad \*  
Arholmen - Fitjarøyane \*

#### B.

Bjødnahiet - Rydland \*  
Bjønddalskleivo - Fjellvegen v.Årbø  
Bjønnskadlen - v. Øyjordsvågen «  
Bjønnskadlebakkjen - På Fitjarvikjo\*  
Bjønnskadleflu. - «  
Bukkaskoro - v. Gloppevågen \*  
Bukkaskorhaugen - «  
Bukkholmen - i Fitjarøyane  
Bukkholmsundet «  
Bukkøyo (Store B -og Litle B.) - I Fitjarøyane. Aga.  
Bukkøyvikjo - «

#### D.

Dyrasmoget - V. Eskjedalen , Landa \*.  
Dyrdalen - n. for Mehammarsåto \*  
Dyrholmen - Engesund \*  
Dyrholmen - Dåfjorden  
Dyrselevarden - I Fitjarfjellet

#### E.

Eggholmen - i Fitjarøyane \*  
Eggholmskjeret .- «  
Eggøyo - «  
Erevikjo - Stokksneset \*  
Erlestølen - Tuftaland \*

#### F.

Fiskaneset - v. Dåfjorden  
Fiskanessåto - «  
Fugladalen - Landa \*  
Fugladalsrindo - «  
Fuglatjødno - Sæterbøfjellet \*

#### G.

Galteråkeren - Gloppo (?) \*  
Geitaflekkjet ?

Geitahaugen - Skumsnes  
Geitaholmen - Aga  
Geitahidleren - Osternes  
Geitaklødna - Levåg (?) \*  
Geitakløster - Fitjar  
Geitaneset - Dåfjorden  
Geitatjødno - (?)  
Geitastovena .- Breivikjø  
Geitøyo - V. Risøyo.Brandasund.  
Gjæsena - I Fjellet, Raunholm\*  
Grisahushaugen - Landa

## **H.**

Hanakloven - Skumsnes\*  
Hanøyo - Fitjarøyane \*  
Hestabakkjen - Landa \*  
Hestadalen - «  
Hestadalsrindo - «  
Hestahagen - Landa  
Hestaholo - Prestbø  
Hestasprengjen - Levåg \*  
Higrabakkjen - Levåg \*  
Higrabrotet - Levåg  
Higrahaugen - (?)  
Higraneset (Tuftaland)  
Higraneset (Fitjar)  
Higraskjeret - skjer i Soravatnet, Vik.  
Homluro - Landa \*  
Horsadalen - (?)  
Hondahaugen - Landa \*  
Hondsryggen ( v. Tjøregravsundet)  
Hondsryggen (Landa) \*  
Hondsryggmyro - «  
Hondsryggen - Vik  
Hondsryggen - Raunholm  
Hondsvikjø - Raunholm  
Hondsvikeskjero - «  
Hyseholmen - v. Hjelman  
Hønsahaugen - Landa  
Hønsahusbakkjen - (?)  
Hønsahusåkeren - (?)  
Håboholmen . l. - v. Selbjørnsfjorden. \*  
Håboholmen st. «  
Håkjerringvikjø - Vistvikjø\*

## **I**

Ikodnebrotet (Ikodneberget?) - Ovanfor Vik\*.

## **J.**

## **K.**

Kalhagevikjo \*- Hageberg  
Kalvatre \* - Tveit  
Kalvatrebekkjen - Tveit  
Kalvatredalen - Tveit  
Kattuglebråto \* Landa  
Kjeholmen (Smedholmen) - v. Engesund\*  
Kjeneset - Vestbøstad \*  
Knottholmane. \* - v. Ålforo.  
Knottholmsbleikjene «  
Krabbakeilo (Skumsnes) \*  
Krabbakeilo (Fodno)  
Kobbaholo - v. Kråko  
Kobbaskjeret - Landa \*  
Kobbosen - V. Hjelman  
Kobbholmen - v. Hjelman  
Krabbavikjo - Raunholm  
Krabbavikjo - Aga  
Krabbavikevatnet - Aga  
Krabbavikjo - Ålforo  
Krabbavikevatnet - «  
Krabbavikfluo - S. for Ålforo.  
Kråketjødnno - Landasåtene  
Kråketjødnhaugen - «  
Kråko - Vestbøstad  
Litla-Kråko - «  
Kråketongana - « (?)  
Kråkevågen - «  
Kuafosteret - Levåg \*  
Kuarvågen v. Koløyo  
Kubakkjen - Tveit  
Kuhagen - (?)  
Kuleskotet - Engjavikjo \*  
Kuneset - (?)  
Kuholo - Breivikjo  
Kustegen - Sandvikjo  
Kustihaugen - Sandvikjo \*  
Kuvikjo - Ålforo  
Kvitingen,? Kvittingsfluene ?\*  
Kuskarmyro - Hovstad utmark \*.  
Kuskarhidleren - «

## L.

Laksevågshaugen - Tveit \*  
Laksevågsholo - Tveit  
Lambahedlo - Levåg  
Lambatøkje - Vestbøstad \*  
Lambavikjo - Landa \*  
Lambavikebråto «  
Lambavikehedlo «  
Lambavikekloven «  
Lambavikehaugana «

Lambavikjo - Skumsnes  
Lambhusdalen .- Landa \*  
Lambhusdalen - Vodlen  
Lambhusdalen - Tranøyo  
Lambhusvågen - «  
Lambhusdalen - Skumsnes  
Lambhusdalen - Tveit  
Lamhusmyro - «  
Lambhusveien - Landa  
Lambholmen (søre og nordre)- Engesund  
Landa-geitena - Landa \*  
Lomatjødno - Fitjarfjellet\*  
Lusaholo - Skumsnes.\*  
Lusaholskaget - «  
Lyraholmen - i Øyane  
Lyragarnsneset - Skumsnes \*  
Lyragarnskaget - Skumsnes  
Lyravakjet - Årbø.\*

## **M.**

Måsholmen - Levåg \*

## **N.**

## **O.**

Oksabåsen - Sandvikjo \*  
Orraugen - Landa  
Orraugsmyro - «  
Orraklubben - Dåfjorden  
Orratuo - Tuftaland \*  
Orratudalen - «  
Orraugana - v. Melsmyrane  
Orrskitkjeldo - Sæterbø  
Orrøyo - i Agaøyane  
Osternes - Nørste «halvøya « på Stord.\*  
Ostrapøylo - I Storavatnet \*

## **P.**

Paddeløkjen - Jørenskogen \*  
Pissemaurbakkjen - Skumsnes \*  
Pissemaurdalen - Eide  
Purketjødno - I fjellet, opp for Vik\*

## **R.**

Ramsberget (?) - Fodno \*  
Revabolshaugen - Helland \*  
Revabåsen - Landa (?)  
Revadalen - v, Søre Kvednavatnet  
Revadalen - Liten dal v. Orraugane (?)  
Revommen - Vistvikjo\*

Revuro - Gloppeskogen  
Revurebotn - «  
Rossneset - Fitjar \*  
Russedalen - Landa  
Russedalen, - Gloppo  
Russedalsneset - Tveit  
Russevikjo - Landa  
Russevikjo - Rossneset  
Russefenet - Sandvikjo  
Røysekatturo - Dåfjorden \*

## **S.**

Sauholmen - Tverdarøyo \*  
Sildavågen - Ålforo \*  
Sildavågsvatnet - «  
Skatholmen (?) - v. Engesund \*  
Skateleio (?) - «  
Skarvaskjeret \* - vest for Eggøyo.  
Skarvhaugana (?) - Skumsnes \*  
Smalabakkjen - Vik.  
Smalahaugana - v. Klovskarvatnet  
Smalahaugana - Skumsnes.  
Smalahaugen - Tufteland  
Smalastølen - Tufteland  
Smalahaugen - Vestbøstad  
Smalhusdalen .- Skumsnes  
Sniglabakkjen - Fitjarstølane \*  
Starasteinen - Nord-Fodno \*  
Staråsen (?) - Sæterbø  
Stutadalen - I austre Midtfjedlet. \*  
Stutaholmen - I Storvatnet , v, Tveita.  
Svaleberget - Skumsnes \*  
Svalevatnet - I Sæterbøfjellet \*  
Svinaholmen - Færøysund \*  
Svinajodalen - Tveit  
Svinatræ - Havn, Fitjar  
Svinhushaugen - Fitjar  
Steinbitevikkjo - Agasøster \*.

## **T.**

Tednebleikkjo - ?  
Tedneholmen \*

Tednekleivo - v. Fitjarstølane\*  
Teistholmen - i Stokksund \*  
Teistableikkjo - v, sørspissen av Ålforo.  
Toskaplassen - v.Engjavikneset

## **U.**

## **V.**

Vargarhaugana - Landa

Ø.

Ørnahaug - Storavikjo \*  
Ørnahaugen - Landa  
Ørnahaugsletto - «  
Ørnahaugen - Stokken, nord.  
Ørnahaugen - Sør-Fodno.  
Ørnaklubben - Aga  
Ørnakulten - v. Fuglatjødno  
Øykjastabburet - Vistvikjo \*  
Øykjatræ. - Skumsnes \*  
Øykjatræbakkjen «  
Øykjatræholo - «  
Øykjatræskaget - «  
Øykjatræveien - «  
Øykjaveien. - Gardsveg, Vik

## KOMMENTARAR TIL NOKRE AV NAMNA

A.

ARHAUGEN. Ar (are) er eit gammalnorsk namn for ørn ( kongeørn ). Det finst også andre stader i Fitjar med ørn- namn like i nærleiken av gamle tun. I Storavikjo har dei såleis Ørnahaug nær inntil bebyggelsen. Men ar (ard) kan også vera eit primitivt plogreidskap.(Lite rimeleg tolking ).

ARHOLMEN er ei brattlendt øy/holme i Fitjarøyane. Det kan vel tenkjast at havørna her hadde ein utkiksplass på toppen av høgste knausen. No er havørna komen attende til øyane, og hekkar her.

B.

BJØDNAHIET. Det finst vel ikke soger eller segner om bjørn, her Fitjar. Namnet Bjødnahiet er truleg av yngre dato, seier Nils K. Rydland.Far hans nemnde at det var ungane på Rydland som gav denne vesle berghola - like ved buvegen-eit slikt spennande namn.

BJØNNSKADLEN. Dette er eit nes , eller ein klubb som stikk fram ved utlaupet av Øyjordsvågen. Før var det ein markert,naken bergknous. Den kunne likna ein dyreskalle som «symde» på vassflata.No er Bjødnaskadlen mest overgrodd av planta graneskog.

BJØNNSKADLEBAKKJEN er namnet på eit fiskemed rett sør for BJ.SKADLEN..

BUKKASKÅRO er namnet på ei bratt, uframkomeleg men solvend skore ved sjøen der kusymmra blømdede rikt tidleg på våren.Det var berre geiter ( bukkar) som våga seg hit ned. Difor namnet, som sikkert er gammalt,for det er mange generasjonar sidan det har vore halde geiter her på Landagarden.

## D.

DYRASMOGET. Dette er ein granittformasjon oppe ved Eskjedalen, nordaust for Årskog. Mellom to bergveggar er det ei jorddekt flate med lyng og brake. Der har det vel før i tida - som i våre dagar- vore hjortetrek og dagvilestad for hjort. Norske stadnamn med namneleken -dyr, kan gå både på rein og hjort.

DYRDALEN er ein grensdal mellom Stord og Fitjar kommune - oppe ved Mehammarsåto. Her har det nok og vore dyretrekk ( hjortetrek) frå gamle tider av.

DYRHOLMEN (Engesund) og DYRHOLMEN (Dåfjorden). Namna går vel også her på dyr, men denne gongen husdyr, serleg sauer eller geiter, som om somrane vart sette ut på slike holmar.

## E.

EGGHOLMEN ligg heilt ute mot Selbjørnsfjorden. Der har det alltid vore eit yrande fugleliv med hekkeplasser for måse og ternar.

EREVIKJO ligg nørst på Osterneset, ut mot Langenuen. Her omkring nordlegaste neset på Stord har det alltid vore store flokkar av ærfugl, serleg vinterstid. Om somrane kan ein sjå ærfuglmora med ein flokk ungar på slep symja langs tanggrodde bratte nes og strender. At stadnamnet vert skrive med E orklarar ein med at æ-lyden ikkje finst i sunnhordlandsdialekten.

ERLESTØLEN ligg oppe ved Tuftalandsmyro i Osternes. Tidlegare sommastøl. I nærleiken av slike stolar med dyrekskrement, samlar det seg alltid insekt sommarstid : fluger, klegg, augnestikkarar o.s.b. Insektetande fuglar som erler, kan her finna nok mat til ungeflokken sin.

## F.

FUGLADALEN, ligg ovafor Brattelio aust for Landagarden. Her oppe frå kan ein årleg høyra orrahanebulder i vårmorgonane, og skræma opp orrfuglkull om hausten. Namneleken fugl- går difor her konkret på orrfugl.

FUGLATJØDNO ligg i fjellet, sør for Sæterbø (Seterbø). Det er ei grunn tjørn med litt grasvekst. Difor er det vel helst ender og vadefuglar som held til der.

## G.

GALTERÅKEREN: Usikker tolking, men sidan denne åkeren låg nær tunet, kan det vel henda at namnet rett og slett skulle vore GALTE-ÅKEREN (I gamle dagar var det vanleg at dei hadde galte på eitt av bruka på garden).

GEITAKLØDNA: Då eg ikkje har vore på staden er det vanskeleg å gje ei sikker namnetolking, men den tyder på at terrenget er er ulendt, småkupert.

GJÆSENA (GJÆSENE) i fjellet, høgt ovafor Raunholm. Terrenget omkring er snautt og ope, men med ei og anna småtjørn. Kanskje kvileplass for grågjæser ?

## H.

HANAKLOVEN, Skumsnes, er ein markert naturformasjon i strandsonen mellom Vartongen og Grønevietongen. Det er ei forkastningsgrøft, («mini-canyon») som startar oppe ved eit myrsig og munnar ut i strandsonen i ei lita rullestein-vik. Tolkinga er uviss, og gjev vel ingen dyre-assosiasjonar, som t.d. Hanen i Hanøyo.

HANØYO. Denne øya som ligg barskt til, ute mot Selbjørnsfjorden, har fått namn etter ein mektig granittknaus som stikk markert opp mot himmelsynet. Frå visse posisjonar liknar den hovudet på ein stolt hane.

HESTABAKKJEN. Dette er eit greitt stadnamn. På ein lyngtorv-bakke i utmarka, like under Brattelia lika hestane på Landa å samla seg i gamle dagar, då det ikkje var gjerde eller vegar som skilde utmarksteigane.

HESTASPRENGJEN. Tolkinga ligg her opp i dagen. Det må vera ein bratt bakke, der hestar med tungt lass måtte streva hardt. Eller har det her vore veksestad for den vesle giftige bregna som heiter hestespreng?

HIGRABAKKJEN og HIGRABROTET i Levåg. Det er litt underleg at ein bakke er kalla igrabakkjen. Ein slik bakke måtte i tiffelle liggja like ved vatn eller sjø. Higrabrotet finn me i brattlia der Svartelju-bekken kastar seg ned. Namnet er sjølv sagt gammalt, og i ein lang periode, seinast i 1950-åra var det her ein stor hegre-koloni, med svære reir i trekroner av selje eller ask. Men på grunn av fugleekskrement døydde trea ut, og stammene vart ståande som grinande skjelett oppe i berget. Då flytte hegrane derfrå, og laga ein ny koloni i fureskogen, nær Færesundsvatnet.

HOMLURO. Lokaliteten er ikkje lenger ur, men eit lite skogholt med høge tre. I gamle dagar var det her ein «skrapaslåtteteig» der det ofte var humlebøle å finna.

HONDAHAUGEN. Denne vesle haugen som ligg like ved stova på bruk nr. 4, Landa, må ha fått dette namnet i seinare tid. For like til midten av 1800-talet var alle husa på dei 4 bruka på Landa samla i eit fellestun (klyngetun). Dei stod på den staden som no blir kalla Tuftena (Tuftene). På den tid hadde gardshunden (gardabikkjo) ein viktig rolle som varslar når det kom folk til gards. Ein illsint buhund kunne både bjeffa og bita! Etter at husa på bruk nr. 4 vart flytta ca. 200 m, sørover frå klyngjetunet, har vel brukaren fått med seg sin eigen vakthund, som altså låg på Hondahaugen.

HONDSRYGGEN. Dette stadnamnet finn me fleire plasser i Fitjar. Det er mest knytt til ein bergformasjon eller fjellrygg som er nokså langstrekt og godt synleg. Hondsryggen på Landa ligg då såleis i fjellbruna ovanfor garden. På den nørdeste bergknatten av Hondsryggen er murt opp ein liten steinskanse. Den var øvste «stasjonen» for den første av to løypestrengjer som gjekk ned til Landa.

HONDSRYGGEN ved Tjøregravsundet er ikkje ein bergformasjon, men tvert i mot namnet på eit grunt sund mellom Litla Eldøyo og Kråko på Vestbøstad. Ein har visstnok ingen forklaring på at Hondsrygg-namnet er knytt til ein slik undersjøisk lokalitet!

HÅBOHOLMEN (Store og Litle) Namnet må vera avleia av Håboen, ei grunne, fiskeplass. Ein skulle tru at dette namnet er knytt til fisken hå, (pigghå), men grunnordet kan vel også vera avleia av det gammalnorske adjektivet «håg», d.v.s. høg. Men ingen av Håboholmane er spesielt høge.

HÅKJERRINGVIKJO i Langnuen på Strando. Dette er eit interessant stadnamn. Haiarten håkjerring finst vel ikkje her i Sunnhordland. Men kanskje var denne digre fisken meir vanleg for hundrevis av år sidan. Såleis kan ein anta at dette namnet er svært gammalt. Det er kjend at håkjerringa held seg helst nær botnen i svært djupe fjordar, og Langnuen er jo å rekna for ein slik djup fjord.

I.

IKODNEBERGET er ein framstikkande haug i lia ovanfor Skotet i Vik. No er bergryggen kledd med barskog, men før den store skogplantinga i Fitjar tok til, var vel berget skogfritt,- eller vaks det kanskje litt hatleskog her oppe- i dei dagar ?

K.

KALHAGEVIKJO: Dette namnet er nok ei avleia form av Kalvhage-vikjo. Kalvatre, Hestahagen, Øykjatre o.s.v. er vanlege stadnamn her i Sunnhordland . Kalvar og hestar hadde ofte sine inngjærde «skrapateigar» på heimebøen, der dei gjekk på sommarbeite.

KATTUGLEBRÅTO: er namnet på nokre bratte bergstup ovafor Landa. Frå tid til annan er det enno klagande kattugle-hukring å høyra ovanfrå bergsidene der oppe. Namnet er sikkert urgammalt.( I seinare år hekkar kattugla oftast nærare folk).

KJEHOLMEN (SMEDHOLMEN): Dette er ein av fleire fitjar- holmar og småøyar som har husdyrnamn som stadnamnlekk.. Kjeholmen har ein god del flatt terreng med bra grøderik bonitet som truleg vart oppdyrka noko seint..Det er steingardar på øy,men desse er låge og på ingen måte er «geitafrie».I dei åra det var småbruk i drift her,var desse låge gardane berre egna til å halda kyr ute frå innbøen, ikkje sauver og kje. Namnet Kjeholmen er difor truleg svært gammalt. Det har då altså her vore sommarbeiteland for brukaren (Engesund) sine geiter, og spesielt kjea. No er dette gamle namnet erstatta med eit nyare namn: SMEDHOLMEN, etter ein børsesmed som budde her ein gong på slutten av 1800-talet. Han hadde smia si ved sjøkanten, like attmed lendinga (flytebryggja), nær hovudhuset.

KNOTTHOLMANE: Usikker tolking. Kan namnet første stavinga tyda : « knatt» d.v.s. ein eller fleire små bergknausar, eller kjem det av insektet «knott»? Det er mykje knott, serleg om sommarkveldane,i dei våte ,lyngrike øyane, men det gamle- og enda mest vanlege -namnet på dette insektet, her i Fitjar er «smikka».

KRABBAKEILO. Keila er ei lita vik eller ein strandklove. I namnelista er det 8 stadnamn som byrjar med ordlekken «krabba -» Dette dyrenamnet er altså eit av dei mest brukte her ved kysten vår. Dette er vel eit prov på at krabben var eit populært sjødyr, verdt å driva fangst på. I mange gamle naust kan ein enno finna svære krabbateiner, med kalvar av brake.

(NB: Hummaren har ikkje markert seg med mange stadnamn på lista vår. Kanskje den ikkje hadde så stor salsverd i ganmmal tid, og dessutan var den skjeldnare.)

KOBBASKJERET, KOBHOLMEN og KOBBOSEN: Kobben ( steinkobben) var frå gammalt den vanlegaste selarten her på vestlandskysten. I mange år vart det drive hard jakt på denne «fisketjuven»

som ått opp eller skræmde bort dei matnyttige fiskeartene- serleg i gytingsperiodane. I dei siste ti-åra er steinkobben ( og dessutan den store haverten- blitt eit vanleg syn i sunda og på skjera mellom fitjarøyane.

Det er interessant å konstatere at kobben no søker attende til dei gamle «solingsplassane» sine. Jan Rabben har såleis fotografert ein flokk med 7-8 kobbar på land eller symjande i strandsonen ved Kobbholmen.

KULESKÅTET. Eit litt uforståeleg og litt morosamt stadnamn, men det er likevel lett å finna fram til grunnord-stavingane: Ku-led- skotet. Altså den grinda (leet) mellom inn-og utmark som kyrne vart jaga ut eller inn gjennom på veg til beitet.. SKÅTET/ SKOTET tyder eit bratt berg ( skråberg) der karane rulla tømmer- og vedastokkar utover- og ned til veg, tun eller sjø.

KUAFOSTERET: Eit presist og godt stadnamn på eit nyare (?) engstykke, stort nok til å samla høyr og hå til ei vaksen ku.

KUSTIHAUGEN. Her har me samme konsonant-bortkastninga som i Kuleskåtet: Namnet skulle skrivast: Ku-stig- haugen. Altså haugen der kustigen gjekk (geilo?).

KVITINGEN og KVITINGSFLUENE: er stadnamn frå dei ytterste skjera ut mot sjølve storhavet Kviting- namnet er nok ikkje henta frå fiskearten kviting (hvitting), men er vel heller knytt til den veldige skumsprøyten som slår opp kring dette skjeret i uversperiodar. Ei anna forklaring kan vera at bergarten her- som dei fleste stader i øyane- er lys granitt. Difor vil dette hav-skylte skjeret lysa bergkvitt i soldagar.

L.

#### LAKSEVÅGSSHAUGEN/LAKSEVÅGSHOLO

Det er ikkje kjend i nyare tid at det er drive laksefiske med not langs strendene på austsida av nordre Osterneset inn mot Tveitevågen. Men desse stadnamna tyder på at brukarane på Tveit har hatt laksenot her. Det har vel helst vore ei såkalla sitjenot eller gilje-not dei nytta, der det sat ein mann oppe på Laksevågshaugen og såg når laksen gjekk inn i giljenota (som han då stengde av).

LAMBATØKJE . Dette er ei fin lita vik sør for Kalvaneset på Vestbøstad. Terrenget er bratt svaberg ned mot sjøen på nordsida. Inst i vika er det flatt lende. Her var det lett å driva saman sauer og lam og tøkja dei inn i ein «bægegard».

I gamle dagar var det vanleg at folk frå øyane lende her i Lambatøkje når det varsterk nord-og vestavind som stod inn mot dei opne landingane ved Fitjarsjøen.

LAMBAVIKJO. I denne namnelista er det med heile 17 namn som har førstelekken «lamb». Ingen andre husdyr har så mange eintydige stadnamn. Lambavikjo i Landa-utmarka er vel eit typisk døme. Denne vika ligg under dei bratte stupa nedanfor Landavarden der det er «sjølvgjært». Likeeins er det umogeleg å koma opp på sørsida, og mot vest ligg Fitjarvika. Einaste vegen opp og ned går gjennom den tronge Lambavikekloven. Ein kort steingardstubbe var nok til å halda sauer eller lam nede i den romsleg store, men ulendte Lambavikjo.

LAMBHUSDALEN. Det er registrert 5 lambhusdalar på denne lista, men det er nok fleire i heile Fitjar kommune. Lambhusdalen i Landa -utmarka er vel eit godt døme. Staden er ei lita grasgrodd slette mellom to bratte parallelle granittknauser. I eine enden av «lambhuset» er det mura opp ein låg steingard, i den andre enden er det ein liknande gard, med ein opning i midten til å driva sauene inn gjennom. Midt i «huset» er det bygd opp ein liten garde eller innhegning. (Gr.fl.: ca 2 x2 m.). Det er uvisst om denne «lambabåsen» nokon gong hadde tak.

Ein eldre informant (Johs. Landa) seier at det -på 1800-talet- var mykje rev på øya, og at det var stort lammetap tidleg på våren av den grunn. Sauene måtte tidleg jagast i utemarka når det kom gror på innebøen, og smålamma måtte teljast og stengjast inne kvar kveld, i desse delvis naturbygde «lambahusa».

LANDAGEITENA ligg i Landa utmarka, på ein haug ned mot sjøen. Dette er ein kvit kvartsgang, ca 10 m. lang som stikk 1-1 1/2 m. opp frå dei mørke bergartene ikring. Frå sjøen ser denne formasjonen ut som ei tett rekkje av geiter (NB:Fiskemed).

LOMATJØDNO ligg i Fitjarfjellet ovanfor Årskog.. Det er ei lita myrtjørn, mest utan tilsig. Her har det nok vore lom i gamle dagar. Difor namnet. Ein eldre osternesing fortalde at han ein gong- under smalesanking- såg ein lom symjande der. Han gjekk då den lange vegen heim att og henta børsa. Lomen låg der enno då han kom tilbake, og jammen fekk han lomen med eit velretta langskot! No er det ingen det eg kjenner til som har sett denne folkeskye fuglen her, men namnet Lomatjødno eit kjendt namn for alle fjellvandrarar, avdi stien opp til Kyrkjevattnet går like framom tjørna.

LUSAHOLO. Dette er eit løye namn, og vanskeleg å tolka. Vanleg veggelus eller hovud-lus har nok ikkje vorte utklekka her! Men »lus» kan vel vera namn på andre små krypande insekt som ikkje har noko spesifikt artsnamn - berre lus. I somme potetåkrar - seleg i veitane- var det før i tida eit kleime ugras som vart kalla for lusagras. Også dette plantenamnet har ei usikker tyding.

LYRAGARNSNESET stikk ut på vestsida av Osterneset, med Selbjørnsfjorden rett inn frå havet. Utanfor dette neset-og like eins andre nes her ute- står det ofte stor lyr. Dei gamle fiskarane hadde spesielle lyragarn med ein moskestorleik og ei felling som passa for denne fiskearten. Stadnamnet er sikkert svært gammalt.

LYRAVAKJET. Dette er eit nyare namn på ein primitiv lendingsplass i Storavatnet, ned for Årbø. I gammal tid var båtferdsla på vatnet ganske livleg i sommarhalvåret. Men namnet Lyrvakjet skulle vera svært upassande som stadnamn ved eit ferskvatn! Ein informant har forklart samanhengen slik :» Ein årbømann hadde tinga noko vinterfisk frå ein øyamann. Mannen lånte ein båt og kom roande til Årbø-lendinga med ei fiskekipe full av stor lyr. Men då han skulle stiga i land frå den vesle båten, glei han og stupte overbord med heile fiskekipa i eit fæla plask. Difor Lyrvakjet!»

## M

MÅSHOLMEN: Denne vesle holmen ligg ut for Levågsvågen. Rette namnet skulle vel vera Måsholmen, men av og til fell den siste konsonanten vekk i korte stadnamn. ( J.fr. «Revuro» i Glippebotnen.) Holmen har vel hatt ein hekkkoloni av måse ( serleg vanleg fiskemåke ). Men i dei siste åra har mange av desse reirholmane og bleikene blitt «avfolka». Zoologar meiner at årsaka er klar: Minken !

Ei alternativ forklaring av namnet kan vera «Holmen der det gror mykje mose (måse)». Men denne tolkinga er nok mindre sansynleg, for a-en i førstelekken ville då ha vore intakt.

O.

OKSABÅSEN i Sandvikjo er ein heller smal bergklove der det er vanskeleg å koma fram («å feta seg») for eit så stort dyr som ein okse. ( J. fr. Hovtrongjen ved Kløv). I Fitjar har me liknande «båsar»: Revabåsen,- og endatil Kjerringebåsen ! Eigentleg er okse ein sjeldan førstelekk i vår dialekt. STUTABÅSEN var meir vanleg.

ORRATUO er ein haug eller eit høgdedrag på Tuftalandsfjellet.(«tue» = liten haug.) Dette er eitt av i alt 8 namn på villfuglen orre,denne fuglen som i gamle dagar fanst både oppe i fjellet og nede i liane. Ja, i kalde vinterdagar trekte orreflokkar ned i låglendet og helst i skogkledd utmark.Der sat orrhanane i bjørketoppene og åt knupp. Det var vanleg at bygdejegerar dreiv «toppjakt» på orrfugl om vinteren.

OSTERNES er namnet på den nordlegaste «halvøya» på Stord. Namnet vart også nytta om den nordlegaste skulekrinsen i Fitjar og er altså eit grendanamn, og ikkje noko konkret stadnamn eller gardsnamn. Ein namnegranskar meiner at namnet er ei forvringing av «Austreneset» d.v.s det neset der det bles så hardt at ein må ausa båten ofte. Skvalpevatnet eller bølgeskvett i båten kallast for «auster» her i Hordaland . Det er difor tvilsamt om namnet kjem frå muslingen østers eller oster som var det gamle namnet.Kring heile osternes-strendene er det for det meste beratte svaberg eller rullesteins-vikar og stort sjødrag Stille pollar er det berre ein av: i Levåg. Der har det vore dyrka østers i korte periodar tidlegare. Men denne pollen ligg i utkanten av sjølve Osterneset.

OSTRAPØYLO. Dette er ei verkeleg pøyle eller poll som ligg lunt til på vestsida av Ivarsøyo.Det er laga ein liten steindemming ved utlaupet.Pollen ligg berre 1/2 m. over normalvasstand i sjøen , slik at det er brakkvatn i denne polden.

P.

PADDELØKJEN er ein liten løk (eit bekkjedrag gjennom ei våtmyr.) I slike våtmarksområde er det paddene har sin ynglingsplass, der dei- serleg om våren- kan opptre i stort tal. Difor har nett denne løkjen fått namnet.

PISSEMAURBAKKJEN på Skumsnes. Endatil eit så lite og upopulært insekt har fått sitt stadnamn!. Pissemaur ( eitermaur) finst i to arter: Den eine held seg i litt fuktige tuer og er mørk gulbrun. Den andre typen er lys gulfarga og held seg på tørrare stader, gjerne under solvarme små heller eller steinar.I skrapaslåtten var det ikkje uvanleg å få svie både her og der på kroppen av pissemaurar, og ein visste kva terreng ein kunne venta seg å treffa på desse forargelege krypa.

PURKETJØDNO/PORKETJØDNO Dette er ei fjelltjørn, og difor er det rart at den har fått namn etter ei purke. Grisen er vel det husyret som er mest «husvarme» av alle.Dei gjekk nok ute i inngjerda grisegardar somme stader, men for ikkje til fjells. Så namnetolkinga er usikker.Tjørna har ei fin aurestamme.

## R

RAMSBERGET er namnet på høgaste toppen av Fodno. (146 m. o. h.) På vestsida av nuten stuper fjellet seg 60-70 meter rett ned i ei stor ur. I desse bratte fjellsidene har det vore både ramnereir og havørnreir. Det er difor svært rimeleg at berget har fått namn etter fuglen ramn. (konsonant- bortfall). I Fitjar sa folk før «rabn», og fodnafolket sa «Rabnsbergjet».

REVABOLSHAUGEN. Dette er berre eitt av 7 stadnamn på «rev» her i Fitjar. Etterlekken kan variera: Revabåsen - omnen - ura- . Lekken karakteriserer terrenget der reven heldt seg for det meste. Johannes Landa har opplyst at dei siste raudrevane her på vart avliva ved gift-åter kring år 1900.

ROSSNESET. Dette er eit stort nes som stikk ut i Fitjarvika nord for Fitjar sentrum. No er neset kledd med planteskog, men for hundre år sidan var det her berre gras, lyng og brakje. Altså typisk hestebeite (Rossneset = Hestaneset).

RØYSEKATTURO. Eit fint dyre-stadnamn. Dette vesle mårdyret finst enno her i Fitjar. Det er sjeldan å treffa på i sommarhalvåret, men vinters tid, når det er sporsnø, kan ein av og til sjå far etter dyret, som oftast held til nær røysar og urer.

## S.

SAUHOLMEN (SAUGHOLMEN). Det er berre få stadnamn som byrjar på sau. Derimot er det mange stadnamn som byrjar på smale. I min barndom vart det mest alltid nytta ordet smale når det galdt ein heil flokk (meir enn eitt dyr). I eintal, derimot, vart det alltid nytta ordet sau(g).

SILDAVÅGEN. Det er merkeleg nok svært få mamn som byrjar på sild, enda om det var mange «sildavågar» i Fitjar. Dei fleste vågane har nok fått namn tidleg.

SKATHOLMEN og SKATELEIO. Det er vel her heller uvisst om namnet kjem frå den flyndreliknande fisken skate, eller frå ordet som vart nytta om små greiner og buskar, avfall etter felling av tre. Men namnet Skateleio-like attmed holmen- kan tyda på at førelekken i namnet likevel peika mot at namneopphavet er fisken skate (Jamfør Skato, ei lita øy på austsida av Tysnes).

SKARVASKJERET vest for Eggøyo har eit namn som passar godt, for her sit det ofte skarv som kviler seg og tørkar vengene. Men mange fleire skjer og holmar i fitjarskjergarden kunne hatt samme namnet!

SKARVHAUGANA på Skumsnes ligg ut mot Selbjørnsfjorden, men likevel litt inne på land. Det er vel difor truleg at namnet har ei anna tolking: Her er lendet bert og karrig, slik det står i Sunnhordlandsongen» til Ragnvald Våge: «Eg veit eit land med skarv og skav, som flengd av jotunklo».

SNIGLABAKKEN er eit område i Fitjarstølane bustadfelt. Namnet er nok gammalt, for den gamle buvegen opp frå fitjargardane gjekk over denne utmarks-bakken. NB. Då vegnamn-nemnda gav instilling om at det vesle bustadfeltet som var planlagt her skulle heita S»niglabakken», vart det kraftige protestar. Ingen ville bu der!

STARASTEINEN er ei diger fjellblokk (flyttblokk) som ligg nord-aust på Fodno. Det er tvilsomt om namnet skriv seg frå fuglen stare, som mest alltid hekkar nær hus.

STUTADALEN ligg langt aust i nordfjellet, (søraust for Longavatnet) Namnet må vera gammalt, for i nyare tid var det helst kviger og gjeldkyr som vart jaga til fjells.

SVALEBERGET ligg vest for Vartongen på Skumsnes. Berget dannar ein heller (hidler) som stuper seg ned i sjøen. Eg har sjølv sett svaler krinsande ikring helleren. Helleren blir og kalla Likhidleren, avdi dei ein gong på 1800-talet fann ei drukna kvinne drivande inne under denne helleren.

SVALEVATNET ligg inne på Sæterbøfjellet. Det er eit grunt vatn, nærast ei tjørn. Om somrane er det vanleg å sjå flokkevis av svaler som sveipar over tjørnane. Namnet er såleis høveleg og vakkert.

SVINAHOLMEN i Færøysund ligg like utanfor lendinga. Holmen lunar godt for sjødraget frå Selbjørnsfjorden. No er holmen landfast, men for ein generasjon sidan nytta dei denne holmen til friområde for grisene. Difor namnet.

STEINBITEVIKJO er ei vik på Agasøstero. Vika er nordvendt med bratte strender dekkja av rur, kråkeballar og småkrabbe som steinbiten beiter på i sommarhalvåret.

## T.

TEDNEKLEIVO. Dette er eit vanskeleg namn å tolka. Området er ei berglendt utmarkskleiv som den gamle ferdselsvegen mellom Osternes og Fitjar gjekk igjennom. At denne lokaliteten skulle egna seg til kvile-eller hekkeplass for terner (tedner) er vel utelukka, her langt inne på land. Tedna kan og vera eit verb: å tedna eller å todna. Det tyder å tørka eller å blåsa tørt (.t.d. høy). På Landa er det ein eksponert haug som heiter Todnhaugen. Der tørka alltid høyet godt. Kanskje dette er tolkinga?

TEISTHOLMEN i Stokksund. Dette er nok eit urgammalt namn. No er symjefuglen teist svært sjeldan her i Fitjar-øyane og Selbjørnsfjorden.

## V.

VARGARHAUGANE (VARGARHAUGANA) ligg på fjellbruna ovanfor Landa. Ein namnegranskar har funne ut at her på vestlandet nytta dei aldri varg som variant for ulv. Likevel er altså dette tilfelle, her i Fitjar. Segna seier at den siste ulven på Stord, (i alle fall i Fitjarfjellet), vart jaga på sjøen og drepen symjande nørdest ved Stokksneset. Dette skjedde ein gong tidleg på 1800-talet.

## Ø.

ØRNAHAUG i Storavikjø. Dette namnet er nok frå mellomalderen då det har ubunden form. På lista er det heile 7 stadnamn som byrjar med ørn., og mest alle har etterlekk som t.d. haug eller klubb.

ØYKJATRÆ (ØYKJATRE)/ SKAGET / VEGEN. På lista er det berre med 1 namn med øyk som førstelekk. Det er normalt namnet hest som dominerer.